

**Frå frukost torsdag til Charter Party søndag****19.08.2009**

**Det blir eit allsidig tilbod i oimrådet rundt Sandakaaien mot slutten av denne veka. Torsdag klokka 10.30 startar SPAR med å invitera alle til frukost som ei markering i samband med skulestarten.**

Fredag kveld frå klokka 18 er det skalldyraften på Vertshuset, som no er inne i si nest siste opningsveke denne sommaren.

Laurdag fristar Vertshuset ikkje berre med noko godt frå kjøkenet, men også med dans til alltid like populære EDO frå klokka 20. Då ventar dei stort innrykk.

Sundag er det heimelaga lasagne med dessert på middagsmenyen. Og om kvelden denne dagen går Vertshuset ut med noko spesielt - eit Charter Party!

Det hentar inspirasjon frå den norske TV-serien Charterfeber og den svenska kultfilmen Sällskapsresan Sun Trip. Også lokalane vil vera 'stylade' denne kvelden, meldar vertskapet.